



Skodje kommune

Kultureininga



Kommunedelplan for fysisk aktivitet

Handlingsprogram 2018, pr 14.09.17

Kortsiktig handlingsprogram for fysisk aktivitet

Handlingsprogrammet prioriterer prosjekt som vil søkje tilskot gjennom spelemiddelordninga.

Handlingsprogrammet er delt i ein kortsiktig, prioritert del og ein langsiktig, uprioritert del.

Det kortsiktige handlingsprogrammet har eit tidsperspektiv på 4 år, og skal rullerast kvart år. Prosjekt må vere prioritert i handlingsprogrammet for å kunne søke spelemidlar.

Prioriteringa tar utgangspunkt i vurdering av nye anlegg og område, prioritert etter mål og strategiar, med grunnlag i behovsvurderingar på aktivitetssida.

Handlingsprogrammet skal innehalde handlingsprogram for anlegg og område – ordinære anlegg/rehabilitering med kostnadsramme over kr 150.000,- og nærmiljøanlegg med kostnadsramme over kr. 50 000,-. Det skal også gå fram plan for finansiering, drift og vedlikehald.

Nærmiljøanlegg med kostnadsramme under kr 600.000,- kan det søkjast spelemidlar om sjølv om prosjekta ikkje er med i den vedtekne kommunale planen.

Men utbygging av nærmiljøanlegg for fysisk aktivitet bør gjerast i samsvar med vedtekne målsettingar, og derfor er det naturleg å omtale også mindre nærmiljøanlegg i den kommunale planen.

Prosjekt som får godkjent spelemiddelsøknaden, men ikkje får tilsegn om spelemidlar, må prioriterast i handlingsprogrammet til tilsegn er gitt.

Kort samandrag med fristar som viser kva som må til for å søkje spelemidlar:

Gjeremål	Ansvar	Tidsfrist
Inkludere planlagte prosjekt i handlingsprogram	Eigar/søklar må melde inn prosjekt, kommunen behandlar og vedtek	Høve til innspel kontinuerleg. Frist 15. nov (høyringsfrist handl.program) for søknader komande januar.
Kommunal førehandsgodkjenning	Eigar må søkje kommunen, som har mynde til å godkjenne (v/teknisk sjef)	15. nov
Anlegget må registrerast i www.idrettsanlegg.no	Kommunen	Når det er klart for søknad
Søknad om spelemidlar	Søklar. Skal innom kommunen før vidareending til fylket	5. jan (kommunen har frist til 15. jan)
Oversending frå fylkeskommunen til departementet	Fylkeskommunen	15. mars

Krav/forhold ved ulike typar anlegg

Type anlegg	Må vere prioritert i handl. progr	Krav om komm. førehands-godkj.	Krav om leigeavtale på grunn	Kor lenge må anlegget halde ope?	Storleik på stønad
Ordinære anlegg	Ja	Ja	30 år	30 år	1/3 (ev. 50 %), maks 1.000.000, min 50.000
Rehabilitering av ord. anlegg	Ja	Ja	30 år	30 år	1/3, maks 1.000.000, min 50.000
Nærmiljøanlegg	Nei	Ja	20 år	20 år	50 %, maks 300.000, min 25.000

Nødvendige vedlegg til ein spelemiddelsøknad

Vedlegg 1: Idrettsfunksjonelt førehandsgodkjende planar for anlegget med behovsoppgåve .

Vedlegg 2: Detaljert kostnadsoverslag

Vedlegg 3: Finansieringsplan – utgreiing og dokumentasjon for dei einiskilde postane

Vedlegg 4: Forvaltning, drift, vedlikehald og utviklingsplan (FDVU) med budsjett

Vedlegg 5: Dokumentasjon på rett til bruk av grunn

Prosjekt til søknadsomgongen pr 15.01.18

Nærmiljøanlegg

Alle beløp i 1000 kr

Pri	Prosjekt	Søkjar	Utbyggin gsår	Status søknad	Kostnads- overslag	Finansiering		
						Andre	Komm	Spelem
1	Fjellvegen, Utvika	Skodje kommune	2017	Ny	350000	50000	125000	175000
2	Rehabilitering av ballbinge på Valle	Valde IL	2017	Ny	295000	150000		145000
3								
4								

Ordinære anlegg / rehabilitering

Alle beløp i 1000 kr

Pri	Prosjekt	Søkjar	Utbyggin gsår	Status søknad	Kostnads- overslag	Finansiering		
						Andre	Komm	Spelem
1								
2								
3								
4								

Aktuelle, uprioriterte tiltak i perioden 2018-2025.

Gjennomført

Delvis gjennomført

Aktuelle, uprioriterte tiltak er prosjekt som er meldt inn som ønskjer og behov i medverknadsprosessen med kommunedelplan for fysisk aktivitet 2013-2025.

Vi har delt ønska inn i seks område:

Ordinæranlegg/rehabilitering

Nærmiljøanlegg

Aktivitetstiltak

Gangveg/gatelys

Parkering

Interkommunale tiltak

Mange ulike interessgrupper har fått kome med ønske. For å yte rettferd har vi teke med alle innspel. Nokre tiltak kan derfor kome att fleire gonger.

Vi har laga tabellar for kvart tiltaksområde, og delt inn i Tiltak, Meldt (kven som har kome med ønsket) og Tiltakshavar (kven det er naturleg å utfordre til å utføre tiltaket).

Forkortingar som er brukt i tabellen:

GM St – Grendemøte Stette
 Gm E/F – Grendemøte Engesetdal og Fylling
 Gm Sk – Grendemøte Skodje
 Gm G – Grendemøte Glomset
 Gm B/U – Grendemøte Brusdal og utvika
 Gm V – Grendemøte Valle
 frifaa – Friluftsrådet for Ålesund og omland
 SJFF – Skodje jeger- og fiskerforening
 B.tråkk – Barnetråkk
 Pr.marka – Brukarar og tilsette ved Prestemarka
 Pensj.lag – Skodje Pensjonistlag
 Idr/velfor. – Idrettslag og/eller velforeiningar
 Kommers – Kommersielle interesser

Ordinære anlegg / rehabilitering

Tiltak	Meldt	Tiltakshavar
Ønskje om eit lite trimrom med trimsyklar, tredemølle og stepmaskin i det nye grendehuset i Utvika	Gm B/U	Idr/velfor.
Grendehuset i Utvikbygd må byggast opp igjen! Her er det gode moglegheiter for organiserte og uorganiserte aktivitetar	Gm B/U	Idr/velfor.
Fotballhall med klatrevegg (fleirbrukshall)	Gm Sk	Idr/velfor.
Mini friidrettsanlegg	Gm Sk	Idr/velfor.
Symjehall/badeland	Gm Sk	Kommers
Skitrekk	Gm Sk	Idr/velfor.
Bowlinghall (for eksempel i Prix-bygget)	Gm Sk	Kommers
Omlegging av ein del av skiløypene	Gm Sk	Idr/velfor.
Squashhall	Gm Sk	Kommers
Lysløype frå Reitane mot Kvennhuslia	Gm Sk	Idr/velfor.
Skiløyper med forgreining inn i bustadområder	Gm Sk	Idr/velfor.
Samanhengande sykkeløyper der skiløypene går no.	Gm E/F	Idr/velfor.
Aukande folketal aukar behovet for bygningar, for eksempel gymsal/bane	GM St	Kommune
Opplyst fotballbane for heilårsdrift (må brøytast om vinteren) Timer på lyset, ein time i gongen?	GM St	Idr/velfor.
Det er eit sterkt ønskje om symjebasseng i kommunen	Pensj.lag	

Nærmiljøanlegg

Tiltak	Meldt	Tiltakshavar
Få satt i stand fotballbana i Brusdal	Gm B/U	Idr/velfor.
Få satt i stand sykkelbana rundt/ved fotballbana i Brusdal	Gm B/U	Idr/velfor.
Gapahuk ved Rødlandstua og tremannsvatna + tilrettelegging av området rundt vatna i nærleiken av toppen	Gm B/U	Idr/velfor.
Betre merking av turløyper i fjellet i kommunen	Gm B/U	Idr/velfor.
Rydding og merking av turveg Høyvika-Rødlandstua og Tøssebrua	Gm B/U	Idr/velfor.
Flytebyggjer/leirplassar på øyane/holmane i Ellingsøyfjorden	Gm B/U	Idr/velfor.
Tilrettelegging for aktivitetar i området sommar og vinter (padling, bading og grilling om sommaren, skøyteis om vinteren)	Gm B/U	Idr/velfor.
Gapahuk ved Nøre Botnen i Brusdal	Gm B/U	Idr/velfor.
Benkar langs vegen gjennom Brusdalsbygda	Gm B/U	Idr/velfor.
Ønskje om trakkemaskin, 3 stk lyskastarar og enkelt ”trekk”/taubane for ski/akebakke i Brusdal. Dag Brusdal vil stille marka si til disposisjon. Det er meininga at dette skal vere eit tilbod for alle aldersgrupper.	Gm B/U	Idr/velfor.
Badeplass ved sjøen	Gm G	Idr/velfor.
Benkar langs turstiar og ved grillplass	Gm G	Idr/velfor.

Vidareføring av rydding og merking av turstiar.	Gm G	Idr/velfor.
Opparbeiding av fleire turløyper	Gm G	Idr/velfor.
Oppslagstavle som viser kvar stiane/turvegane går	Gm G	Idr/velfor.
Gapahuk med bålgrue ved fremste osen ved Glomset	Gm G	Idr/velfor.
Ballbinge ved gamleskulen	Gm G	Idr/velfor.
Gapahuk ved lysløypa	Gm V	Idr/velfor.
Turveg med lys der lysløypa er i dag	Gm V	Idr/velfor.
Arbeider med å bygge lavo i nærleiken av skulen, manglar berre tak. Håpar å kople denne til lysløypa. Har og planar om å bygge utedo i tilknytning til dette.	Gm V	Idr/velfor.
Behalde lysløypa ved skulen etter utbygginga.	Gm V	Idr/velfor./ kommune
Oppgradering av dagens lysløype ved skulane og barnehagen i form av grusing, drenering og toalett. Vil bruke den til fotturar, sykling, for rullestolbrukarar og ha moglegheit til å trille barnevogn der.	Gm Sk	Idr/velfor.
Skileikbakkar med lys	Gm Sk	Idr/velfor.
Leikeplassar i sentrum	Gm Sk	Idr/velfor.
”Klatrejungel” i tilknytning til lysløypa	Gm Sk	Idr/velfor.
Varmestue i tilknytning til skiløypene	Gm Sk	Idr/velfor.
Universelt utforma sjøsti frå Grindvika mot Murvika/ Tursti/gangveg langs sjøen	Gm Sk	Idr/velfor./ kommune
Gapahukar, bål plassar og benkar i samanheng med eksisterande skogsvegar/turløyper	Gm Sk	Idr/velfor.
Setje i stand og ta i bruk den kommunale badeplassen på Fylling	Gm Sk	Kommune
Leikeplass og ballbinge ved skulen	Gm E/F	Kommune
Opprette badeplassar som er meint for alle. Blanda følelsar for å opne for alle ved privateigde badeplassar. Flytebrygge med naust i tilknytning som kan brukast til padling, bade- og grillplass	Gm E/F	Idr/velfor./ kommune
Lysløype for ski og turgåing på 1,5 km, Stette	GM St	Idr/velfor.
Ballbinge midt i bygda, Stette	GM St	Idr/velfor.
Badeplass med strandanlegg i Stettevika	GM St	Idr/velfor.
Rydding av skogsvegar/turvegar	GM St	Idr/velfor.
Utbedring/vedlikehold av leikeplass på Valle.	B.tråkk	Idr/velfor.
Ballbinge på Stette	B.tråkk	Idr/velfor.
Skileik anlegg ved Støråk på Stette	B.tråkk	Idr/velfor.
Platting ved Notanaustet på Stette	B.tråkk	Idr/velfor.
Legge til rette for lavterskelaktivitetar i området rundt stadion, lysløypa og Murvika. Blant anna flytebrygge, sansestimulering, sandkasser, fleire grillplassar, benkar og bord, bru over til Brenholmen.	B.tråkk	Idr/velfor./ kommune
Tavle i Skodje sentrum med oversikt over turmål i kommunen	Pr.marka	Idr/velfor./ kommune
Betre merking av turløyper/stiar	Pr.marka	Idr/velfor./ kommune
Turveg langs sjøen frå Murvika til Straumen, dette hadde i alle fall blitt mykje brukt av brukarane ved Prestemarka	Pr.marka	Idr/velfor./ kommune
Fleire badeplassar for alle	Pr.marka	Idr/velfor./ kommune
Brygge med landgang i Murvika, slik at brukarane kjem seg lettare opp i båtar	Pr.marka	Idr/velfor./ kommune
Ønskjer at området rundt Dagsenteret vert meir tilrettelagt som ein felles møteplass for alle boligane ved Prestemarka. Setje opp benkar, bord og liknande.	Pr.marka	Kommune
Innslag av sansestimulering i fellesområdet som er ønska rundt Dagsenteret, jamfør park i Tyskland som Nils Hasselberg kjenner godt til.	Pr.marka	Kommune
Merking av alle stiane opp til Niusen, gjerne med vanskegrad	Pr.marka	Idr/velfor./ kommune
Bru frå Murvika og ut til ein holme ein kan gå til når det er fjøre, inspirert av leirskulen Haugland	Pr.marka	Idr/velfor./ kommune
Merking av løype til Grindviksætra	Pr.marka	Idr/velfor./ kommune
Når fiskeplassen i Dragsundet vert flytta er det viktig at det også vert lagt vekt på	Pr.marka	frifaa/SJFF

universell utforming, slik at den kan brukast av alle.		
Benkar langs turstiane	Pensj.lag	Idr/velfor.
Fleire anlegg i krinsane	Pensj.lag	Idr/velfor.
Fleire stiar som går utanfor trafikkerte vegar	Pensj.lag	Idr/velfor.
Opplyste turstiar	Pensj.lag	Idr/velfor.
Asfalterte turstiar for rullator og rullestol brukarar	Pensj.lag	Idr/velfor.
Utarbeiding av turkart	Pensj.lag	Idr/velfor./kommune
Universelt utforma strandpromenade i Murvika, viktig med utbetring av tilkomsten til sjøen for alle	Pensj.lag	Idr/velfor./kommune
Lysløypa på Skodje må setjast i stand, med blant anna grøfting	Pensj.lag	Idr/velfor.
Setje opp benkar langs gangvegar og turstiar, eldre og små born treng pausar for å kunne gå lengre turar	Pensj.lag	Idr/velfor.
Samordna merking og markedsføring av dette mangfaldet av moglegheiter for fysisk aktivitet.	Facebook	Idr/velfor./kommune
Preparert ski-/akebakke for ungane	Facebook	Idr/velfor.
Ballbinge og leikeplass med nokre leikeapparat for ungane i Engesetdalen	Facebook	Idr/velfor.
Det hadde vore veldig kjekt å fått lysløypa i industriområdet på Stette i drift igjen.	Facebook	Idr/velfor.

Aktivitetstiltak

Tiltak	Meldt	Tiltakshavar
Arrangere skidagar om vinteren og fjellturar om sommaren	Gm B/U	Idr/velfor.
Arrangere gym, dans, innebandy og fotball for barn når det nye grendehuset i Utvika vert sett opp igjen	Gm B/U	Idr/velfor.
Arrangere yoga, pilates, zumba og styrkeøving for vaksne når det nye grendehuset i Utvika vert sett opp igjen	Gm B/U	Idr/velfor.
Arrangere skidag igjen i Utvika	Gm B/U	Idr/velfor.
Skøyteis på fotballbana/Natvikdemma?	Gm B/U	Idr/velfor.
Organisere turgåing ein fast dag i veka	Gm G	Idr/velfor.
Arrangere familieturar	Gm G	Idr/velfor.
Ønskjer at idrettslaget drar i gang fellesturane igjen	Gm G	Idr/velfor.
Organiserte friluftaktivitetar for born	Gm V	Idr/velfor.
Forslag om oppretting av felles turlag i kommunen	Gm V	Idr/velfor./kommune
Ønskjer samarbeid for å lage ein plan for bruk av området ved kunstgrasbana og rundt skuleområdet. Samarbeid mellom kommunen, skule, barnehage og idrett	Gm Sk	Idr/velfor./kommune
Orienteringskart	Gm Sk	Idr/velfor.
Meir variert organisert aktivitet for store og små born	Gm Sk	Idr/velfor.
Dans (det finst seniordans og dansekurs for born og tenåringar gjennom ungdomslaget)	Gm Sk	Idr/velfor.
Turorientering – påskot for å kome seg ut, oppdage nye turvegar	Gm Sk	Idr/velfor.
Geocaching – skattejakt i naturen	Gm Sk	Idr/velfor.
Ha god informasjon om kva som finst av moglegheiter for fysisk aktivitet, organisert og uorganisert, i heile kommunen. Nyttig for både tilflyttarar og andre	Gm Sk	Idr/velfor./kommune
”Sykle-til-skulen” konkurranse	Gm Sk	Kommune
Oppslagstavle med kart over området og kvar turstiane og postkassene er	Gm E/F	Idr/velfor./kommune
Sms-teneste for å informere bygdefolket om kva som skjer kan vere aktuelt, fleire saman gjer aktivitet kjekkare	Gm E/F	Idr/velfor.
Integrering av utanlandske tilflyttarar	Gm E/F	Idr/velfor./kommune
Lage møteplassar, det nyoppstarta bygdelaget kan få til mykje bra	Gm E/F	Idr/velfor.
Aktivitetar tilpassa alle nivå og aldrar. Stettevik sportsklubb er viktig.	GM St	Idr/velfor.
Kommunen kan ha utstyr til maskinell rydding av skogsvegar/turvegar	GM St	Kommune
Plassering av benkar samt informasjon om og merking av turløyper	GM St	Idr/velfor.
Turskilt i Skodje sentrum og merka løyper.	B.tråkk	Idr/velfor.

Trafikkvakt ved vegkryss/overgang nord for Skodje skule	B.tråkk	Kommune
Organisert trening for eldre ein gong i veka på trimrommet i Gomerhuset	Pensj.lag	Idr/velfor./kommune
Treningsinstruktørar for eldre	Pensj.lag	Idr/velfor./kommune
Gåtur med leiar ein gong i veka. Den kan delast opp i fleire grupper etter nivå	Pensj.lag	Idr/velfor./kommune
Arrangere turar, her er mange moglegheiter. Premiering for flest turar?	Pensj.lag	Idr/velfor./kommune
Opprette motivasjonsgruppe for dei som slit med å kome seg ut og vere fysisk aktive, der ein i fellesskap motiverar kvarandre til å gjere ulike aktivitetar gjennom heile året	Facebook	Idr/velfor

Gangveg/gatelys

Tiltak	Meldt	Tiltakshavar
Gatelys langs hovudveg og turveg i Utvika	Gm B/U	Kommune
Lys i skiløypene på Fylling	Gm B/U	Idr/velfor.
Fylle på med fleire gatelys gjennom bygda i Brusdalen, slik at heile området er opplyst	Gm B/U	Kommune
Opprusting av den kommunale vegen over fjellet mellom Utvikbygd og Brusdal, denne vert mykje brukt i kommunikasjon mellom bygdene og til turveg	Gm B/U	Kommune
MÅ ha gang og sykkelveg med lys gjennom bygda med forbindelse til Valle for å ha moglegheit til å vere fysisk aktive i nærmiljøet, og for å oppnå trivsel i bygda	Gm G	Kommune
Lys på Nerstølsveien	Gm G	Idr/velfor.
Gatelys i bygda er svært viktig for fysisk aktivitet på Valle	Gm V	Kommune
Sykelsti rundt Skodjevika	Gm Sk	Kommune
Gangveggar i heile kommunen	Gm Sk	Kommune
MÅ ha gang/sykelveg med gatelys gjennom bygda, mørkt og smal veg opplevast som farleg	Gm E/F	Kommune
Tilgang til området frå Stettetunellen – Stetteset - Juvågen	GM St	Kommune
Gangveg langs FV661 – Stettetunellen - Industriområdet	GM St	Kommune
Trygg kryssing av hovudvegen	GM St	Kommune
Trygg turveg til Mauren	GM St	Kommune
Bedre utbygging av gang- og sykkelveggar i heile kommunen	B.tråkk	Kommune
Ny asfalt på Gamlevegen på Stette	B.tråkk	Kommune
Gangveg frå Grindvika til Straumen	Pr.marka	Kommune
Det er problematisk å komme seg til/frå Dragsundet utan bil, ”palmesvingen” er skummel og tunellen burde ha fortau.	Pr.marka	Kommune
Samanhengande gang og sykkelveg i kommunen	Pensj.lag	Kommune
Gang og sykkelveggar må vere prioritert i utkantane, og ikkje berre i sentrum!	Pensj.lag	Kommune
Betre strøing av vegane	Facebook	Kommune
Gang og sykkelveg frå Valle til Skodje	Facebook	Kommune
Flytte 50-fartsgrensa i Engesetdalen til forbi hytta til Hågensen og lavare fartsgrense oppover mot Storsætra. Gjerne nokre fartsdumpar, og sist men ikkje minst meir lys langs vegane i Engesetdalen slik folk kan gå tur utan at ein må ha både lommelykt og hovudlykt for å kunne sjå kvar ein går og kven ein møter	Facebook	Kommune
Gang- og sykkelsti rundt Svortavatnet. Ikkje asfaltert, men ein med grus og trerøter	Facebook	Kommune
Gang og sykkelveg eller tursti fra Stette til Skodje, eller i det minste frå Stette og til småbåthavna/Stetteset	Facebook	Kommune
Fartsdumpar på gamlevegen gjennom Stette, og ”Born leikar”-skilt.	Facebook	Kommune

Parkering

Tiltak	Meldt	Tiltakshavar
--------	-------	--------------

Parkering ved Svortavatnet	Gm B/U	Kommune
Betre parkeringsmoglegheiter ved skiløypene på Fylling	Gm B/U	Idr/velfor./kommune
Opparbeiding av parkeringsplass for turgåarar vest for gamleskulen (Johan Honningdal er grunneigar)	Gm G	Idr/velfor./kommune
Vidare opparbeiding av parkeringsplass ved kommuneveg/fjordamannsvegen	Gm G	Idr/velfor./kommune
Betre parkeringsmoglegheiter ved turvegane	Gm Sk	Idr/velfor./kommune
Bilane må vekk frå grusbana ved ungdomsskulen, dei tilsette må få anna parkeringsmoglegheit	Gm Sk	Kommune
Parkeringsplassane ved skiløypene/turløypene må utvidast	Gm E/F	Idr/velfor./kommune
Parkering ved start på turvegane Støråk/Niuser	GM St	Idr/velfor./kommune

Interkommunale tiltak

Tiltak	Meldt	Tiltakshavar
Håhjem – knytte friluftsområdet med veg til Dragsundet	frifaa	frifaa
Flytting av fiskebrygge i Dragsundet	frifaa	frifaa/SJFF
Åsenråsa/ Ivar Åsen sine botaniske registreringar	frifaa	frifaa
Turstiar Mauren, utbetring	frifaa	frifaa
Båtsporkart Skodjevika/Ellingsøyfjorden/Storfjorden	frifaa	frifaa
Brosjyrer/info skiløyper Svarteløkområdet	frifaa	frifaa
Styrdding og merking - Holsfjellet/Raudlandstuva	frifaa	frifaa

14. Drift og vedlikehald

Skodje kommune gir driftstilskot til frivillege lag gjennom kulturmidlar og gode rammer for bruk av skulebygningar, Gomerhuset og skuleanlegg.

Kommunen betaler årleg medlemskontingent til Friluftsrådet for Ålesund og omland. Friluftsrådet for Ålesund og omland har driftsansvar for tiltak i sine område.

Det er elles klare vilkår til plan for drift og vedlikehald i samband med søknad om spelemidlar.

Mange nærmiljøanlegg er knytt til kommunale bygg og ligg på kommunal grunn. Kommunen er garantist for drift og vedlikehald av desse anlegga, ikkje minst når det gjeld tryggleik.